

MIDSUND KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL

Det blir kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Tysdag 15.10.2019 kl. 17.15 på
Midsund kommunehus**

SAKLISTE:

- Sak 08/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 11.06.2019
- Sak 09/19 - Revisjonsrapport 2018 Midsund kommune.
- Sak 10/19 - Forslag til budsjett 2020 for nye Molde kontrollutval - høyringsuttale.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gi melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no

Robin Sørli
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
MIDSUND KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 11. juni 2019, kl. 17.15

Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Kåre Bjørnerem

Elles til stades:

Tone Uran Opstad

Meldt forfall: Robin M. Sørleie

Varamedlem var innkalt men hadde ikkje høve til å møte.

= 2 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

Sak 06/19

Godkjenning av møtebok frå møte 07. mai 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 7. mai 2019 blir godkjent.

Sak 07/19

Innstilling på val av revisjonsordning og revisor for nye Molde kommune etter 1. januar 2020.

Sakspapir og innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 4. juni 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Midsund kontrollutval innstiller til Fellesnemnda nye Molde kommune om å gjere følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda vel revisjon i eigenregi for nye Molde kommune.
2. Fellesnemnda vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for nye Molde kommune, så framti selskapet blir stifta som planlagt.

Møtet var slutt kl. 18.15

Kåre Bjørnerem

nestleiar
(sign.)

Tone Uran Opstad

medlem
(sign.)

Vedlegg: Rapport rekneskapsrevisjon 2018 – Midsund kommune, 7. oktober 2019.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i Revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapan, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

For ei fagleg vurdering vises det til vedlagte rapport. Kontrollutvalet sitt ansvar omfattar ikkje ei fagleg vurdering av korleis revisjonen blir utført, då revisor har eit sjølvstendig fagleg ansvar for dette.

Innstilling til vedtak:

Midsund kontrollutval tek revisjonsrapporten 2018 til vitande.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutval sekretariat IKS

Mottakarar:
Midsund kontrollutval

Rådmannen i Midsund kommune

Vår sakshandsamar:
Solrun Aannø Tusvik

Vår dato:
7.10.2019

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Rekneskapsrevisjon 2018 – Midsund kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapen for rekneskapsåret 2018 for Midsund kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2018. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

Periodisering variabel lønn

Anordningsprinsippet er eit av dei grunnleggande rekneskapsprinsippa, og seier at alle kjente utgifter og inntekter skal takast med i rekneskapen for året, anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapen vert avslutta.

Variabel løn for desember blir normalt utbetalt i januar året etter, og har også vore bokført på det nye året. Dette har samband med at innmelding av løn for dei tilsette følgjer tidspunkt for utbetaling, i tillegg til stor grad av automatisk posteringar ved bokføring av løn. Etter anordningsprinsippet skal løn bokførast på det året den er opptent, ikkje det året den vert utbetalt. Slik vil rekneskapen vise eit meir rett bilete av utgiftene som gjeld året, og forpliktinga ved utgangen av året.

Kommunen har ikkje periodisert variabel lønn i rekneskapen for 2018, men har signalisert at dette vil kome på plass i rekneskapen for 2019.

Overføringsområdet

Overføringer kan delast i overføringer med og utan krav til motyting. Overføringsinntekter utan krav til motyting er inntekter kommunen mottok uavhengig av den konkrete tenesteproduksjonen. Rammetilskot og skatteinntekter utgjer det alt vesentlege av desse inntektene. Ulike tilskot frå IMDi til flyktningar er også rekna som overføring utan krav til motyting. Både skatt, ramme og flyktningstilskot vert avstemt i samband med årsoppgjeret, og inntektsførte beløp i 2018 stemmer med opplysningar frå statleg hald. Også utbetalinga frå Havbruksfondet på kr 10,1 mill. som kommunen mottok i 2018 er ei overføringsinntekt utan krav til motyting. Inntektsført beløp her stemmer med det som er opplyst frå Fiskeridirektoratet.

Av overføringer *med* krav til motyting er refusjon ressurskrevjande ein vesentleg post. For 2018 utgjer refusjonsbeløpet for Midsund kommune kr 16,7 mill. Gjennom ordninga med refusjon for særleg ressurskrevjande helse og omsorgstenester får kommunen refundert 80 % av direkte lønsutgiftene knytt til slike tenester, utover innslagspunktet på kr 1 270 000. Revisor skal kontrollere refusjonskravet som kommunen utarbeider, før kravet vert oversendt Helsedirektoratet. Refusjonskravet vi fekk til kontroll var godt dokumentert og hadde generelt god kvalitet. Det vart gjort berre mindre justeringar i refusjonskravet før innsending.

Meirverdiavgiftskompensasjon er ei anna stor overføringsinntekt, og tilsvarer betalt meirverdiavgift som gir rett til kompensasjon (kompensasjonsberettiga). Det er krav om revisorattestasjon på kompensasjonskravet, og det vert gjennomført kontrollar kvar termin.

På utgiftssida er overføring til soknerådet, kulturtilskot til idrett og kultur samt økonomiske sosialhjelp dei store postar. Våre kontrollar knytt til eit utval av desse postane viser at utbetalingane er i tråd med vedtak og avtaler.

Rutinar for førebygging av misleg framferd pasientmidlar og byggjesaksbehandling

Revisjonen har for 2018 hatt felles fokus på den interne kontrollen som er etablert for å førebygge misleg framferd. Gode rutinar kan bidra til hindre misleg framferd, men også til at ein unngår speulasjonar og mistankar om uetiske handlingar eller kritikkverdige tilhøve.

Med bakgrunn i dette bad vi kommunane om å få tilsendt relevante skriftlege rutinar innan

- Areal, plan og byggesakshandsaming
- Handtering av midlar for brukarar innan pleie og omsorg

Slik vi forstår det føreligg det ikkje skriftlege rutinar på desse områda. Vi oppmodar om at førebygging av mislege høve vert tatt omsyn til når rutinar skal utarbeidast i den nye kommunen.

Salsområdet – kommunale avgifter

Det er gjort kontrollar knytt til eit utval eigedommar. Vi har funne at dei fakturerte prisane for vatn, avløp, feiing og slamtøming er i samsvar med vedtekne gebyrsatsar. Private hushald er pliktige til å abonnere på kommunal renovasjonsordning. For kontrollerte eigedommar som er eig av privatpersonar er det fakturert for renovasjon. Fakturerte prisar er i samsvar med vedtekne gebyrsatsar.

Etterleving av regelverket for offentlege innkjøp

I samband med revisjon av rekneskapan for 2017 sendte vi førespurnad til alle kommunane i vårt revisjonsdistrikt knytt til praktiseringa av regelverket for offentlege innkjøp. Kommunen vart bedt om å gjere greie for korleis regelverket var praktisert i samband med innkjøp frå eit utval leverandørar. Teknisk avdeling har hatt kapasitetsproblem over ei lengre periode, og har i stor grad vore avhengig av personell frå Molde kommune. Kommunen har ikkje sett seg i stand til å gje eit utfyllande svar på vår førespurnad.

Rådmann og økonomisjef vil stille på møte i kontrollutvalet 15. oktober for å gjere greie for praktiseringa av regelverket for offentlege innkjøp, og for rutineane som ligg føre på dette området.

Med helsing



Knut G. Alnes
oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aannø Tusvik
revisjonsrådgjevar

Sak 10/19 - Forslag til budsjett 2020 for nye Molde kontrollutval - høyringsuttale.

Vedlegg: PS 50/10 høring på forslag til budsjett 2020 for kontrollarbeidet i nye Molde kommune.

Bakgrunn:

For å gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille naudsynte ressursar til disposisjon. Kommunestyret skal vedta eit samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen, medrekna utgifter til kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett. I budsjettet må kontrollutvalet synleggjere eigne kostnader og kostnader knytte til revisjonsaktivitetar. Vidare er det viktig at budsjettet tek høgde for at det kan oppstå uventa situasjonar, slik som til dømes førespurnader frå innbyggjarar, mediesaker og mistanke om mislege handlingar, som kontrollutvalet må følgje opp.

Det kan i løpet av perioden kome ekstra bestillingar frå kommunestyret, utover det som er vedteke i planane til kontrollutvalet. Dersom kontrollutvalet ikkje har tilgjengelege budsjettmidlar, kan utvalet fremje ei sak om ekstra midlar frå kommunestyret.

Det er berre kommunestyret som kan endre budsjettframlegget frå kontrollutvalet. Grunnen til at budsjettet til kontrollutvalet er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontrollutvalet skal kontrollere og ha tilsyn med, til dømes formannskapet eller administrasjonsutvalet, får innverknad på budsjetttrammatil tilsynsorganet.

Formannskapet kan likevel, i sitt samla budsjett, føreslå eit lågare beløp enn det kontrollutvalet føreslår. Budsjettframlegget til kontrollutvalet skal likevel uendra følgje det samla budsjettframlegget til kommunestyret, slik at kommunestyret ved budsjetthandsaminga har informasjon om både kontrollutvalet sitt framlegg og formannskapet si innstilling til budsjett.

I revisjonsselskap og sekretariat organiserte som IKS er det representantskapet som vedtek budsjettet. På grunn av at selskapet får tilskot frå kommunane som deltek i samarbeidet, er budsjettet først endeleg når alle deltakarkommunane har handsama sine budsjett i dei respektive kommunestyra. Midsund kommune har vore medlem i 2 IKS'er i denne samanhengen, Kommunerevisjon 3 og Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS. Det er altså representantskapet i desse to selskapa som har vedtatt kostnadane for Midsund kommune i fylgje selskapsavtalane.

For nye Molde kommune blir det Møre og Romsdal Revisjon SA (samvirkemodell) som leverer revisjonstenester, og Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal (§ 27 interkommunalt samarbeid) som leverer sekretariattenester.

Vurdering:

Ein viser til vedlagte sak og vurdering frå Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal. Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS har ikkje merknader til dette, og føreset at saka byggjer på den kunnskapen og erfaringa som er innhenta.

Ein vil bemerke at sjølv om det ikkje er spesifisert kostnader til Midsund kontrollutval dei siste åra (slik det er gjort for Molde og Nesset) i vedlegget, betyr ikkje dette at sekretariatet har opplevd motforestillingar frå administrasjonen kring utvalets behov. Det har nok meir vore spørsmål om ein har hatt tid til å delta på ymse aktivitetar.

Det er også på sin plass å minne om at i revisjonsselskap og sekretariatselskap organisert som interkommunale selskap (Komrev 3 og SKS IKS er slike døme) er det representantskapet som vedtek budsjettet, jfr. Lov av 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskap § 18.

Tilråding til høyringsuttale:

Midsund kontrollutval sluttar seg til Kontrollutvalgsekretariatet i Romsdal sitt forslag til budsjett 2020 for kontrollarbeidet i nye Molde kommune.

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS



MOLDE KOMMUNE

Kontrollutvalget

Saksmappe: 2019-1502/06
Arkiv: 150
Saksbehandler: Jane Anita Aspen
Dato: 20.9.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utvalg	Møtedato
PS 50/19	Kontrollutvalget	2.10.2019

HØRING PÅ FORSLAG TIL BUDSJETT 2020 FOR KONTROLLARBEIDET I NYE MOLDE KOMMUNE

Sekretariatets innstilling

Kontrollutvalget i Molde støtter sekretariatets forslag til budsjett på kr 3 273 000,- for kontrollarbeidet i nye Molde kommune 2020.

Saksopplysninger

I henhold til § 18 i Forskrift for kontrollutvalg skal kontrollutvalget utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapets budsjettinnstilling til kommunestyret. Budsjettforslaget fra kontrollutvalget kan bare endres av kommunestyret, men formannskapet kan, i sitt samlede budsjett, foreslå et annet beløp enn det kontrollutvalget foreslår.

Fra konstituering av nytt kommunestyre trer ny kommunelov og ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon i kraft. Det er da § 2 *Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollutvalget*, som regulerer dette ansvaret. Innholdet i paragrafen er videreført fra tidligere forskrift.

Budsjettforslaget skal synliggjøre kontrollutvalgets egne kostnader og kostnader knyttet til revisjon og sekretariatstjenester.

Kontrollutvalgene i Molde og Nesset får sekretariatstjenester for kontrollutvalget fra *Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal* som er et interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27, der Molde og Nesset kommune er deltager. Midsund kommune får sekretariatstjenester fra *Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS*.

Molde og Nesset kommune er eier i *Møre og Romsdal Revisjon IKS* (MRR IKS), og har revisjonstjenester fra dette selskapet. Midsund kommune har revisjonstjenester fra *Kommunerevisjonsdistrikt 3 IKS* (KOMREV 3 IKS). Fra 1.1.2020 blir MRR IKS sammenslått med KOMREV 3 IKS, som et samvirkeforetak. Det er da Møre og Romsdal Revisjon SA som vil levere revisjonstjenester til nye Molde kommune.

Det er tatt utgangspunkt i at kontrollutvalget nye Molde kommune avvikler 7 møter i året.

Budsjettforslaget kan spesifiseres som følger:

Konto	Tekst	Budsjett 2020 Nye Molde	Budsjett 2019- Molde	Budsjett 2019- Nesset	Budsjett 2019- Midsund
1080	Godtgjørelse folkevalgte	99 848	30 600	32 000	
1081	Tapt arbeidsfortjeneste	26 000	26 000	25 000	
1099	Arbeidsgiveravgift	17 700	4 000	6 000	
1100	Faglitteratur, aviser, abonn.	2 200	2 200	2 000	
1115	Kommunal bevertning	1 000	900	10 000	
1150	Opplæring og kursutgifter	40 000	22 000	40 000	
1170	Utgiftsdekning reise	25 000	10 000	10 000	
1195	Kontingenter	12 000	10 000	3 500	
1429	MVA-komp			2 000	
	Sum kontrollutvalgets egen virksomhet	223 748	105 700	130 500	Ikke spesifisert
1375	Kjøp fra IKS (der kommunen selv er deltaker)	2 250 000	1 800 000	450 000	540 000,-
1385	Kjøp tjenester KU-sekretariatet	799 252	849 300	90 000	140 000,-
	Sum kontrollutvalg, sekretariat og revisjon	3 273 000	2 755 000	670 500	*680 000,-

*beløper er kun budsjettkostnader for sekretariat og revisjon, vi har ikke budsjett for kontrollutvalgets egen virksomhet når det gjelder Midsund.

Vedlagt følger:

- Kostnadsfordeling sekretariatstjenester for 2020

VURDERING

For å gi kontrollutvalget gode arbeidsvilkår må kommunestyret stille nødvendige ressurser til disposisjon. Kommunestyret skal vedta et samlet budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen der utgifter til utvalgets egen virksomhet, sekretærbistand og revisjon kommer frem.

Kontrollutvalget må ha mulighet til å skaffe seg kunnskap og delta i erfaringsutveksling og samlinger med andre kontrollutvalg. Dette er særlig viktig første året i valgperioden.

Kontrollutvalget i Molde har de siste årene avviklet 7 kontrollutvalgsmøter i året. Kontrollutvalget i Nesset 5 og kontrollutvalget i Midsund 1-3 møter i året. Kontrollutvalgene i Molde og Nesset har denne valgperioden hatt 5 medlemmer. Kontrollutvalget i Midsund har hatt 3 medlemmer. Kommuneloven blir fra konstituerende kommunestyremøte endret, slik at kontrollutvalgene må ha minimum 5 medlemmer. Kontrollutvalget i nye Molde kommune skal ha 5 medlemmer.

Informasjon fra Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS viser at det har vært liten aktivitet i kontrollutvalget i Midsund, og det har ikke vært satt opp noe budsjett for kontrollarbeidet i Midsund kommune. Vi har derfor ikke oversikt over kostnader knyttet til kontrollutvalgets egen virksomhet, bare kostnader til sekretariats og revisjonstjenester.

Kommentarer til noen av budsjettpostene:

1080 Godtgjørelse folkevalgte – Her er det tatt utgangspunkt i satser for godtgjørelse for 2020, som har vært oppe til behandling i fellesnemda og skal være gjeldene fra konstituerende kommunestyremøte. Som grunnlag er det lagt inn at det er 5 medlemmer i utvalget og at det blir avviklet 7 møter i 2020.

1081 Tapt arb.fortjeneste – Siden en ikke er kjent med hvem som velges inn i utvalget, så er det vanskelig å budsjettere denne posten. Det er derfor valgt å videreføre beløpet fra 2019.

1100 Faglitteratur – Kontrollutvalgets medlemmer i Molde og Nesset har fått medlemsbladet til Norges kommunerevisorforbund. Dette har mange fagartikler som er nyttig for arbeidet i kontrollutvalget. Bladet koster 425,- pr medlem. Det forutsettes at dette videreføres til kontrollutvalget i nye Molde kommune.

1115 kommunal bevertning – Det er lagt inn kostnader til kaffe på utvalgsmøtene.

1195 Kontingenter – Molde og Nesset kommune har medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Det forutsettes at nye Molde kommune også tegner medlemskap i FKT. Størrelsen på kontingenten bestemmes ut fra kommunens innbyggertall. Satsen for nye Molde kommune for 2020 er på kr 12 000,- (kommuner med innbyggertall fra 20 001- 50 000). Kontingenten for Molde kommune 2019 var på 10 000,- for Nesset kommune var den 3 500,-.

1150 Opplæring og kursutgifter- Det er budsjettert med at alle utvalgsmedlemmene kan delta på en konferanse/opplæringssamling i 2020. Dette er viktig da det er først året i valgperioden.

1375 – Kjøp fra IKS – Møre og Romsdal Revisjon IKS har sammen med Kommunerevisjonsdistrikt 3 IKS dannet et nytt selskap; Møre og Romsdal SA fra 1.1.2020. Samvirkeforetaket ble stiftet 23.08.19. Fra 1.1.2019 har revisjonstjenestene for Molde og Nesset kommuner blitt fakturert etter medgått tid. Når det gjelder Midsund kommune som har hatt revisjonstjenester fra Komrev3, så er fordeling mellom eierkommunene bestemt av representantskapet. De har ikke hatt tjenester etter medgått tid. Det nye samvirkeforetaket, Møre og Romsdal Revisjon SA, skal fakturere etter medgått tid. Sekretariatet har mottatt et estimat fra Møre og Romsdal Revisjon IKS, som er basert på erfaringstall fra revisjonsåret 2018. Når det gjelder revisjonskostnader for nye Molde kommune, så har vi mottatt et stipulert beløp på kr 1 850 000,- Fordelingen er kr 1 100 000,- til regnskapsrevisjon og kr 750 000,- til forvaltningsrevisjon. Revisjonen har informert om at det er lagt inn tillegg for ekstra handlinger hovedsakelig 2. halvår 2020 for å kartlegge internkontroll o.l. Det er i tillegg estimert 200 000,- for å avslutte Nesset kommune og 200 000,- for å avslutte Midsund kommune. Samlet estimat for revisjonstjenester 2020 for nye Molde kommune beløper seg da til kr 2 250 000,-.

1385 – Kjøp av tjeneste KU-sekretariatet - Styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal har i møte 4.9.2019 vedtatt budsjett for sekretariatet for 2020. Samlet refusjon fra kommunene er i 2020 budsjettert til kr 2 278 000,- mot 2 235 000,- i 2019. Styret har i juni oversendt nye vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal gjeldende fra 1.1.2020 til godkjenning i kommunestyret. Fellesnemda har innstilt på å godkjenne de nye vedtektene, men de skal til endelig godkjenning i kommunestyret i nye Molde kommune. I vedtektene er det endret kostnadsfordelingsmodell. Fordelingen i den nye modellen er 30 % fast og 70 % fordeling

etter folketall. Tidligere var fordeling bare etter folketall. Nye Molde kommune sine kostnader blir kr 799 252,-, som er 44 % av totale kostnader for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal. Kommunen sine kostnader vil med den nye modellen bli redusert, sammenlignet med kostnadene til «gamle» Molde kommune. Sekretariatet har for 2020 budsjettet med bruk av kr 200 000,- fra disposisjonsfond, slik det også ble i 2018 og 2019. Sekretariatet må ta forbehold om at alle kommunene godkjenner de nye vedtektene med ny kostnadsfordelingsmodell.

Kontrollutvalget i Molde, Nettet og Midsund får her komme med innspill til sekretariatets forslag til budsjett, før kontrollutvalget i nye Molde kommune gjør sitt vedtak. Kontrollutvalgets budsjettforslag skal følge formannskapetets budsjettinnstilling til kommunestyret i nye Molde kommune.

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kostnadsfordeling - Sekretariatstjenester for kontrollutvalgene 2020

Kommune	Folketall 01.01.19	Fordeling %	70 % folketall	30 fast	Sum
Aukra	3 539	5,0	79 730	97 629	177 359
Hustadvika *	13 233	18,0	287 027	97 629	384 656
Gjemnes	2 641	4,0	63 783	97 629	161 412
Nye Molde**	31 976	44,0	701 623	97 629	799 252
Rauma	7 487	10,0	159 460	97 629	257 089
Sunndal	7 106	10,0	159 460	97 629	257 089
Vestnes	6 536	9,0	143 514	97 629	241 143
Sum	72 475	100,0	1 594 597	683 403	2 278 000

* Hustadvika = 1548 Fræna og 1551 Eide

**Ny Molde= 1502 Molde, 1543 Nesset og 1545 Midsund